

## 1260 fotballbaner raserast mellom Bergen og Stavanger

Hordfast-lobbyen kviler ikkje på latsida. Denne hausten og vinteren har vi sett det eine prosjektet villare enn det andre. Hordfast-lobbyen lanserer Vestlandspakke til over 100 milliardar<sup>1</sup>, der kongstanken er å kunne køyre mellom Bergen og Stavanger på 2 timar. Dette prosjektet har ikkje berre ein vanvittig kostnad, dobbelt så mykje som Hordfast aleine, det vil også rasere natur i eit svært stort omfang, som har vore svært lite kommunisert fram til no. At det vil skjære gjennom Stord øya som eit sår og rasere bygder på Sveio er det lite fokus på. Viss ein samanstill alle prosjekta frå Os til Bokn så er det snakk om å beslaglegga 9000 dekar med natur, det er eit areal like stort som 1260 fotballbanar<sup>2</sup>.

Det er berre lobbyorganisasjonar som kan få seg til å tru at ei slik gigantutbygging kan verte gjort på ein så «skånsom» måte som mogleg. Det er nemleg svært begrensa kor «skånsom» ein 110 km/t motorveg kan byggast. Same kor mykje «solid miljøarbeid» som vert gjort i Statens vegvesen eller Nye veier, så vil motorveganlegg i dette omfanget rasere enorme områder.

Heile området legg eit betydeleg innslag på raudlista naturtypar og verneområder. I 2023 signert Noreg Naturavtalen, den seier vi skal verne 30% og restaurere 30% av naturen vår innan 2030, og det 5 år etter at FNs naturpanel advarte om at tap av natur og artsmangfald representerte ein like stor trussel som klimatrusselen. Men til tross for både signerte avtalar og advarslar, så planlegg Statens vegvesen utan blick for dei utfordringar og forpliktingar som vi naturen står ovanfor.

Og klimagassutsleppa? Netto utslepp av klimagassar over 75 år: Ca 1600 til 2000 tusen tonn.

Hordfastlobbyen liker å komme med utrekningar om at Hordfast er samfunnsøkonomisk lønnsamt, sjølv om fleire av oss er ueinig i det. Men her, er det ikkje tvil, dette prosjektet er enda meir samfunnsøkonomisk ulønnsamt prosjekt. -13 milliard, truleg enda meir negativt. Men det snakkar ikkje Hordfastlobbyen om.

Vedlikehaldsetterslepet på berre fylkesvegnettet i Vestland<sup>3</sup> er no på 19,5 milliardar, og behovet for rassikring er 23,5 mrd. SV meiner desse kongstankane må stoppast ein gong for alle. Vi må i staden prioritere framkommelegheit og rassikring på det eksisterande vegnettet, bergensbanen og kollektiv, sykkel og gange i byen.

---

<sup>1</sup> <https://www.bt.no/politikk/i/Jbnq34/lanserer-vestlandspakke-til-over-100-milliarder>

<sup>2</sup> <https://www.vegvesen.no/globalassets/fag/fokusomrader/nasjonal-transportplan-ntp/2025-2036/vedlegg-3-supersider-rev-27.11.23.pdf?v=491de4>

<sup>3</sup> <https://www.naf.no/politikk-og-samfunn/samferdsel/enorme-behov-fylkesveiene>